

Årsmøte i Myrdalen Grendalag 25. april 2013

Referat

9 personar møtte fram.

Leiaren styrde årsmøtet.

Årsmeldinga (hadde vore lagt fram som framlegg på myrdalen.org i to veker), vart godkjend med ein merknad: Det hadde vore 3 styremøte i staden for 2.

Rekneskapen vart lagt fram og godkjent med eit underskot på ca 17000 kr. Men med uteståande krav og gavé frå Sparebanken vil dette retta seg opp att mykje. Vart noko diskusjon om ein skal auka prisen på annonsar på heimesida.

Ymse: Forslag om at dei fastbuande tek litt ansvar for bospurkk langs riksvegen noko hundre meter i kvar retning av sin eigendom.

Undersøkja med kommunen om kva planar dei har for framtida til skulehuset/barnehagen. Den vert ståande tom ut på hausten.

Trimboksane kjem opp att, i år prøver me med 7 stk mot 5 i fjor. Desse vil vera på plass etter kvart som sommaren kjem. Boksane vert sette ut på desse plassane: Torvedalen, Bygdadalen, Hiurdi, Øvste Ulvundstølen, Bjørndalskamben, Vetle-Grungen, Varden ved Kaldavatnet. Det vert kunngjort på heimesida etter kvart som boksane er på plass.

Heimesida vert brukt som forum for kunngjeringar om det som skjer i Myrdalen. Men kan også nyttast til å kunngjera aktivitetar elles på Stronde der folk frå Myrdalen er med.

Valg: Leiari Gudmund Furu (1 år)

Kasserar Asbjørn Tveite (1 år)

Arne Bystøl (2 år)

Sigrid Skjervheim (2 år)

Anne Lise Ulvund (1 år)

Vara: Lars Ove Sausjord (1 år) Kristian Backer (1 år)

Valnemnd: John Ivar Nordheim (1 år) Bjørn Atle Nesheim (2 år)

Revisor: Brita Tveite (1 år)

Møtet slutt! Takk til Sigrid som sytte for kaffi/te og gode mjølkekaker!

Gudmund

-ref-